



2015

# Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim.



## Innhold

Innleiing.....	1
1. Brua mellom fastlandet og Bakkøy.....	4
2. Brua over Kilstraumen.....	5
3. Brua mellom Ulvøyna og Fosnøya.....	6
4. Brua mellom Fosnøy og Bukkholmen.....	7
5. Brua/brukaret mellom Ulvøyna og Lauvøyna på Sævrøyvegen.....	7
6. Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna.....	8
7. Brua mellom Bjørnøya og Tjeldholmen.....	8
8. Brua over Sævrøysundet.....	9
9. Brua mellom Fosenøy/Bergsvik og Lerøy.....	9
10. Brua i Synnevågen.....	10
11. Brua mellom Langøyna og Rotøyna.....	10
12. Brua mellom Rotøyna og Krossøyna.....	11
13. Brua til Njøta.....	11
14. Brua i Rongeværet.....	12
Bru med offisielt namn.....	12
15. Fosnstraumbua.....	12
Oppsummering.....	13

## Innleiing.

Austrheim kommune som har bruer i kommunevåpen og straumar under bruene i logo, er programforplikta til å setja namn på bruene sine. Bruene i Austrheim, utanom Fosnstraumbua, har aldri fått oppsett namneskilt. Når det gjeld Fosnstraumbua som har slikt skilt, er den brua registrert i Radøy kommune i følge Kartverket. Det godkjente namnet i Sentralt stadnamnregister er Fosnstraumen. For dei andre bruene er det gjort vedtak på fire av namna. Desse namna er registrerte i Sentralt stadnamnregister, ingen av dei har endinga -brua i det godkjente namnet. Dei fire godkjente namna er:

1. Bakkastraumen
2. Kilstraumen
3. Lauvøystraumen
4. Sævrøysundet

Det er ulike instansar som skal setja namn på dei ulike bruene.

**Statens vegvesen** er vedtaksmynde på riksvegar og europavegar, medan Kartverket gjer vedtak om skrivemåten.

**Hordaland fylkeskommune** avgjer namneval og skrivemåte på fylkesvegar.

**Austrheim kommune** avgjer namneval og skrivemåte for kommunale bruer.

**Kartverket** avgjer skrivemåten på private bruer, her er det helst tradisjon som avgjer namnevalet.

Austrheim kommune, Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune har som intensjon å setja offisielle namn på bruene.

Når ein skal sjå på namn etter namnelova, bør ein ha eit grunnlag for å setja eit namn. Følgjande argument kan vektleggjast.

1. Namnet brua har hatt på folkemunne, er dette så godt innarbeidd at det bør bli verande?
2. Geografisk etter straumen eller sundet brua går over.
3. Geografisk etter øya eller fastlandet brua går frå eller til.

Det kan vera ei ulik vekting av desse ulike punkta i dei ulike sakene.

Bruk av øynamn i brunamnet.

Austrheim, 489 øyer, holmar og skjer heiter det. Arbeidet med å byggja bruer i Austrheim har bunde øyane saman og knytt kommunen til fastlandet. Dette kan vera eit argument for å kalla opp bruene etter øyar. For fleire av bruene vil vi føreslå denne namnsetjinga.

Namneformer:

Namna som vert fastsett bør vera enkelt å uttala. I utgangspunktet bør første delen av ordet vera i ubunden form og siste delen i bunden form.

Døme:

Kilstraumbua ikkje Kilstraumenbrua.

Genitivs-s

Det er og kome innspel om at i namn bør vi vurderer å nytta genitivs –s. døme Synnevågsbrua. Vi vurderer det slik at det ikkje er så utstrekt bruk av genitivs–s i dialekten i Austrheim og vil ikkje tilrå å bruka han.

I arbeidet med denne saka har kommunen kontakta Statens Vegvesen. Dei har levert liste over namna som pr. i dag ligg i deira datasystem. Statens Vegvesen har påtatt seg å kosta produksjon og oppsetjing av skilt på dei bruene som har bruspen over 100 m. Det er tre av bruene som har slikt spenn. Kva bru det er, vil framgå av omtalen på kvar av bruene.

Korleis er namn på bruene fastsett i Noreg?

Det er stor variasjon på korleis namn på bruene i landet vert fastsett, nokre døme viser det.

Nordhordlandsbrua, Askøybrua, Sotrabraua, Måløybrua, Tjeldsundbrua, Sotrabraua, Gjemnessundbrua

Ser vi på denne variasjonen, ser vi at det er nokså fritt for kva system ein skal nytta på namna. Austrheim består av 489 øyer, holmar og skjêr. Det vil derfor vera riktig å nytta ein stor del av øynamna i kommunen. Argument for det finn ein i det som vart uttrykt før. Vi nytta begrepet Øyane om dei som fekk brusamband. Ein bør derfor vektleggja at i alle fall dei øyane det bur flest folk på, får namnet nytta på ei av bruene.

Bruk av historiske namn etter personar m.m.

Ein måte å setja namn på er å bruke namn etter kjente personar. Dette er nok meir vanleg ved vegar enn ved namn på bruer. Viss Austrheim skal starte namnesetjing etter kjente personar, kan ein t.d. sjå føre seg å kalle oppatt personar som:

- Kornelius Bergsvik, «alderstrygda sin far,» fødd i Bergsvika og sosialminister i Nygaardsvold si regjering frå 1936-1939.
- Karsten Solheim og PING-kølla i golf. Foreldra hans kom frå Leikvoll, han sjølv vart tatt med til USA som toåring. I vaksen alder fann han opp PING-kølla. Den store golfturneringa Solheim-cup er kalla oppatt etter han.

Her kan nemnast fleire, men prinsippet er trekt fram at det kan nyttast slike namn og i framtida, ikkje berre geografiske namn.

I denne utgåva er det lagt inn førebels kommentarer frå namnekonsulenten UIB og opplysningar frå Kartverket.

Dei ulike bruene er:

## 1. Brua mellom fastlandet og Bakkøy.



Denne brua vert kalla Bakkastraumbua som og er namnet i Vegvesenet sin database. Brua er 214,7 meter lang. Frå lokalt hald, på Fønnessida, har ein fått opplyst at brua går over Fønnesstraumen. På fastlandet ligg og Fønnesstraumen bustadfelt. På kartet er Fønnesstraumen den nordste delen av straumen mellom fastlandet og Bakkøy. Bakkastraumen går lenger sør. Kvar grensa går mellom desse to straumane er ikkje blitt fastslått i denne saka.

Brua går frå Fønnes til Bakkøy. Det gjev støtte til både Bakkøy og Fønnes i brunamnet. Brua har i alle år gått under namnet Bakkastraumbua. Det kan gjera det vanskeleg å byta namn til Fønnesstraumbua, derfor bør Bakkøy nyttast i namnet.

Tilslutt bør argumentet at brua skal kallast opp etter det geografiske namnet på øya som fekk landfeste ved bygginga, vera det som avgjer namnet, nemleg Bakkøybrua.

Brua ligg på fylkesveg, det er såleis Hordaland Fylkeskommune som fastset namnet.

I fylgje Kartverket har denne brua eit godkjent namn i Sentralt stadnamnregister, nemleg Bakkastraumen. Namnet Bakkøystraumbua, vert eit langt namn. Basert på argumentasjonen ovanfor meiner vi at namnet bør fastsetjast til Bakkøybrua.

### Konklusjon:

Namnet vert føreslått til **Bakkøybrua**.

## 2. Brua over Kilstraumen.



Denne brua er 205,7 meter lang. Brua går mellom Utkilen på Bakkøyna og Kilstraumen på Ulvøyna. Austrheim har i tidlegare namnesak fastsett namnet på straumen og garden til Kilstraumen. Brua har i alle år vorte kalla Kilstraumbua, oppattkalla etter straumen ho går over. Det bør ikkje vera ein –s mellom stadnamnet Kilstraum og den bestemte formen –brua. Namn utan genitivs-s vil gjere det lettare å uttala namnet. Namnet Kilstraumenbrua bør ikkje nyttast fordi det er to bundne ordformer sett saman som gjer namnet langt og vanskeleg.

Brua ligg på fylkesveg, det er såleis Hordaland Fylkeskommune som fastset namnet.

I fylgje Kartverket har denne brua eit godkjent namn i Sentralt stadnamnregister, nemleg Kilstraumen. Vi meiner at alle brunamn bør innehalda –brua i namnet sitt. Basert på argumentasjonen ovanfor meiner vi at dette namnet bør endrast til Kilstraumbua.

### **Konklusjon:**

Brua vert kalla **Kilstraumbua**.

### 3. Brua mellom Ulvøyna og Fosnøya.



Denne brua er 35,7 m. I databasen til Statens Vegvesen står namnet Renningen bru. Lokalt har brua vore kalla brua over Renningen. Namnet Renningenbrua er mindre nytta truleg fordi namnet er langt, tungt og samansett av 5 stavingar.

På kart finn ein namnet Renninga. Etter namnenorm i Austrheim vil namnet Renningen vera feil, slik at Renninga eller Renningane vil vera namnet. På dialekt blir det Renninjæ.

Mellom Fosnøyna og Ulvøyna ligg og Kvalvågstraumen, det er avgjerande kor langt straumen strekker seg om det kan gi namn til brua. På kartet står namnet Kvalvågstraumen lenger nord enn brua, derfor bør ikkje det namnet verta nytta.

Med utgangspunkt i å kalla oppatt øyane våre, bør brua kallast Ulvøybrua. Brua bind Ulvøy til Fosnøy. Det siste namnet er alt bruka i ein samanheng på Fosnøstraumbua. Ulvøybrua er eit lett namn og seier med ein gong kvar brua ligg. Namnet Renninga er ikkje så kjent som Ulvøy.

Brua ligg på fylkesveg, det er såleis Hordaland Fylkeskommune som fastset namnet.

I fylgje Kartverket har denne brua eit vedtatt namn i Sentralt stadnamnregister, nemleg Renninga. Basert på argumentasjonen ovanfor meiner vi at dette namnet bør endrast til Ulvøybrua.

#### Konklusjon:

Namnet på brua vert **Ulvøybrua**.

Med desse tre bruene fekk Austrheim i si tid fastlandssamband. Opninga skjedde laurdag 14. august 1971, midt på Kilstraumbua. Kostnadene for dei tre bruene var kr 5,9 mill., og totalkostnaden med bruer og veg vart kr 10 mill. Det tilsvarar kr 71,6 mill. i dagens pengeverdi.

## 4. Brua mellom Fosnøy og Bukkholmen



Denne brua er 119 meter lang. Brua vart montert 26. november 1988, og starta den omfattande bru- og vegbygginga i Øyane. På kartet finn vi at holmen der eine brufestet står heiter Bukkholmen. Sundet brua går over heiter Bukkholmsundet. I databasen frå Statens Vegvesen står Bukkholmstraumen. Å nytta ordet Bukkholmstraumbrua, gir eit namn med 5 stavingar. Bukkholmbrua gir 4 stavingar og er lettare å uttala.

Brua ligg på fylkesveg, det er såleis Hordaland Fylkeskommune som fastset namnet. I fylgje Kartverket har denne brua eit vedtatt namn i Sentralt stadnamnregister, nemleg Bukkholmstraumen. Vi meiner at brunamnet bør innehalda endinga –brua i seg. Basert på argumentasjonen ovanfor meiner vi at dette namnet bør endrast til Bukkholmbrua.

### Konklusjon:

Brua vert kalla **Bukkholmbrua**.

## 5. Brua/brukaret mellom Ulvøyna og Lauvøyna på Sævrøyvegen.



Dette er ei lita bru som bind Ulvøyna og Lauvøyna saman. I databasen er lengda oppgitt til 7,5 meter. På kartet er det ikkje oppgitt namn på straumen eller sundet ho går over. Det bør ikkje nyttast Ulvøy i namnet på grunn av fare for forveksling med Ulvøyna ved Kilstraumen. På same vis kan Lauvøy-namnet føra til forveksling mellom to bruar frå same øya. Dette gjer det vanskeleg å nytta lokale øynamn, viss brua skal ha namn. I UIB sin namnebase er sundet kalla Kovesundet. I same basen er ein holme i nærleiken ført opp med namnet Kovesundholmen.

Brua ligg på fylkesveg, det er såleis Hordaland Fylkeskommune som fastset namnet. UIB tilrår namnet Kovesundbrua.

### Konklusjon:

**Namnet bør bli Kovesundbrua** slik UIB tilrår.



## 6. Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna.



Denne brua er 58,3 meter lang. Veggen og brua gav utløyning til ny ferjekai til Fedje som vart opna 5. desember 1990. I Statens Vegvesen sin database står namnet Lauvøystraumen. Det er og namnet på straumen som brua går over. Namnet kan verta Lauvågstraumbua eller Lauvøybrua. I dette tilfelle bør ein og velja det lettaste ordet å uttale, nemleg Lauvøybrua.

Brua ligg på fylkesveg, det er såleis Hordaland Fylkeskommune som fastset namnet.

I fylgje Kartverket har denne brua eit vedtatt namn i Sentralt stadnamnregister, nemleg Lauvøystraumen. UIB meiner namnet bør vera Lauvøystraumbua. Vi meiner at brunamnet bør innehalda endinga –brua i seg. Basert på argumentasjonen ovanfor meiner vi at dette namnet bør fastsetjast til Lauvøybrua på grunn av at det er lettare å uttale enn Lauvøystraumbua med sine fem stavingar. UIB tilrår Lauvøystraumbua, vi meiner derimot at vi bør kalla oppatt øya Lauvøy, ikkje straumen.

### Konklusjon:

Namnet vert **Lauvøybrua.**

## 7. Brua mellom Bjørnøya og Tjeldholmen.



Brua er kommunal bygd. Det er såleis kommunen som vedtar namnet. Brua går over Bjørnøysundet. Det nærliggande namnet er derfor Bjørnøysundbrua. Alternativt kan namnet bli Bjørnøybrua, det er eit kortare og lettare namn. Av same grunn som ein har argumentert for å få ord som er lette å uttala og kalla oppatt øyar, bør namnet verta Bjørnøybrua. Alternativ frå UIB er Bjørnøysundbrua.

### Konklusjon:

Namnet vert **Bjørnøybrua.**

## 8. Brua over Sævrøysundet.



Brua er på fylkesvegen og er 52 meter lang. Ho går mellom Sævrøyna og Grøna kjerringa med steinfylling til Baløyna. I 1996 var vegen ferdig. Namnet kan bli Sævrøysundbrua eller Særvøybrua, namn som inneheld Grønakjerringa bør unngåast. Argumentet om lett uttale av namnet tilseier Særvøybrua. UIB tiltrår Sævrøysundbrua, men argumentasjonen om at det er øyane som vert kalla oppatt, gjer at namnet bør bli Særvøybrua.

### Konklusjon:

Namnet vert **Særvøybrua..**

## 9. Brua mellom Fosenøy/Bergsvik og Lerøy



Denne brua har eit bruspenn på 5,96 meter. Som biletet viser er det mura brufeste på begge sider. Denne brua vart bygd i 1952 då Bergsvik og Lerøy fekk veg og straum. Det hadde tidlegare vore ei gangbru av tre mellom Lerøy og Bergsvik, ho gjekk lenger nord enn dagens bru. Det er kommunen som fastset namnet.

På folkemunne har namnet på brua alltid vore Lerøybrua. Det bør og bli det offisielle namnet.

### Konklusjon:

Namnet blir **Lerøybrua**

## 10. Brua i Synnevågen.



Dette er den eldste brua i Austrheim. I 1928 vart ho bygd som trebru, for å bli erstatta av betongbru i 1937. Brua ligg på ein fylkeskommunal veg. På folkemunne heiter brua i Synnevågen, Synnevågen bru eller Synnevågbrua. UIB tilrår genitivs-s, Kartverket tilrår å vurdere å bruka genitivs-s. Ein uformell førespurnad til Bakkøy Grendalag viser at dei vil ha namnet utan genitivs-s. UIB tilrår Synnevågsbrua med genitivs-s

Viss ein held på at namnet skal vera eit samansett ord, blir namnet her Synnevågbrua.

### Konklusjon:

Namnet blir **Synnevågbrua..**

## 11. Brua mellom Langøyyna og Rotøyyna



Dette er ei kommunalt bygd bru. Brua går over Langøysundet etter UIB sin namnebase. Namnet kan bli Langøysundbrua, Langøybrua eller Rotøybrua. All den tid det er busetnad på Langøyyna, bør ein kalla opp den øya på ei av bruene i området. Etter namnet på øya bør ein vurdere namnet Langøynabrua. Dette blir eit langt og tungt namn der både første og andre delen av ordet er i bunden form. Det bør ein unngå og dermed kan ein kalla brua Langøybrua. Langøysundbrua vert eit lengre og tyngre namn enn Langøybrua. UIB tilrår Langøysundbrua, namn etter sundet slik det heiter i deira database. Alternativ Rotøybrua, viss ein orienterer seg frå «sentrum» i bygda og utover.

### Konklusjon:

Namnet vert **Langøybrua.**

## 12. Brua mellom Rotøyna og Krossøyna.



Dette er ei kommunal bru opna 10. november 1995. Brua går over Krossøysundet. Namnet på folkemunne har alltid vore Krossøybrua, og det bør bli det fastsette namnet. Det tunge namnet Krossøynabrua bør ein unngå etter same regelen som under bru nr. 11.

### Konklusjon:

Namnet vert **Krossøybrua**.

## 13. Brua til Njøta



Veganlegget og brua til Njøta vart påbegynt hausten 1975. Anlegget kom inn på fylket sin vegplan i 1972. Det vart bygd 1 700 m. veg til anlegget. Denne brua vart opna 14. juni 1978. Kostnaden med bru og veg var kr 1,9 mill. Den summen utgjer kr 7,5 million i dagens pengeverdi. Ho er godkjent til 10 tonns akseltrykk. Brua er bygd med fylling over vestre Kalvsundet, veg over den vesle øya Kalven og bruspen over det austre Kalvsundet. Kalvsundbrua kan såleis vere eit alternativ namn. Brua har i alle år vorte kalla Njøtebrua. Det vedtekne namnet på øya er Njøta. Dette kan føra til at namnet skal vera Njøtabrua. Det vert eit ord som er vanskelegare å uttala enn ordet Njøtebrua. Det siste bør derfor verta det offisielle namnet og, då har ein teke omsyn til den dialektuttalen som har vore på brua i 40 til 50 år.

### Konklusjon:

Namnet vert **Njøtebrua**.

## 14. Brua i Rongeværet.

Dette er ei lita bru som går over Kusundet mellom Rongevær og Kuøyana. Den første brua kom opp i mellomkrigstida. Under krigen vart brua øydelagt anten av mine eller sjøgang. Brua vart bygd oppatt av innbyggjarane i Rongeværet på 1950-talet med kommunal støtte. Føremålet var å føra krøtera til beite på begge øyane. Brua er ei privat bru bygd med offentleg tilskot og er berre nytta til folk og eventuelt husdyr. Brukara er murt med gråstein. Då ho vart bygd oppatt, vart ho bygd med støypt dekke, det første dekket var i tre. Småbåtar kan passere under brua. Dersom denne brua skal få namn, kan ho kallast opp att etter sundet ho går over.



Brua er til venstre i biletet mellom Rongeværet og Kuøyana.

**Konklusjon viss brua skal få namn:**

Brua kan kallast **Kusundbrua**.

## Bru med offisielt namn.

## 15. Fosnstraumbrua.



På denne brua står det skilt med namnet Fosnstraumbrua. Statens Kartverk oppgjev namnet Fosnstraumen. Denne brua vart opna 16. juni 1989, og planane for brua og tilførslevegane vart godkjent i 1985. Brua er den lengste med brufeste i Austrheim med sine 404 m. Brua kosta kr 40 mill då ho vart bygd, det tilsvarar kr 68 million i dagens pengeverdi. Brua er registrert i Radøy slik at dei har ansvar for å setja namnet.

## Oppsummering

Oppsett over kven som skal setja namn og dei framlegga på namn som er registrert.

NR	Avgjerdande instans	UIB	Kartverket godkjent	Kartverket vedtak	Første framlegg	Endeleg framlegg
1	Hordaland fylkeskommune		Bakkastraumen		Fonnesstraumbua	<b>Bakkøybrua</b>
2	Hordaland fylkeskommune		Kilstraumen		Kilstraumbua	<b>Kilstraumbua</b>
3	Hordaland fylkeskommune			Renninga. Tilråd å vurdera utan -a	Renningabua	<b>Ulvøybrua</b>
4	Hordaland fylkeskommune			Bukholmstraumen	Bukholmbrua	<b>Bukholmbrua</b>
5	Hordaland fylkeskommune	Kovesundbrua				<b>Kovesundbrua</b>
6	Hordaland fylkeskommune	Lauvøystraumbua	Lauvøystraumen		Lauvøybrua	<b>Lauvøybrua</b>
7	Hordaland fylkeskommune	Bjørnøysundbrua			Bjørnøybrua	<b>Bjørnøybrua</b>
8	Austrheim kommune	Sævrøysundbrua	Sævrøysundet		Sævrøybrua	<b>Sævrøybrua</b>
9	Hordaland fylkeskommune			Lærøyna	Lerøybrua	<b>Lerøybrua</b>
10	Hordaland fylkeskommune	Synnevågsbrua		Synnevågen Tilråd å vurdera om genitivs-s skal brukast eller ikkje.	Synnevågbrua	<b>Synnevågbrua</b>
11	Austrheim kommune	Langøysundbrua eller Rotøybrua			Langøybrua	<b>Langøybrua</b>
12	Austrheim kommune				Krossøybrua	<b>Krossøybrua</b>
13	Austrheim kommune				Njøtebrua	<b>Njøtebrua</b>
14	Privat bru. Kartverket				Kusundbrua	<b>Kusundbrua</b>
15	Hordland fylkeskommune. Radøy er sakshandsamar Sjekk om denne brua har fått namn.		Fosnstraumen		Fosnstraumbua	<b>Namn er fastsett av Radøy</b>

I tillegg er det ikkje sett namn på brua over til Skorholmen, brua er privat

I Kystlandsbyen skal ei trebru setjast opp. Brua har fått namnet «Perlo» etter ein namnekonkurranse. Kopi av denne brua skal setjast opp i parken utanfor kommunehuset.